



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
06/26	Næring- og miljøutvalet	05.05.2026
55/26	Formannskapet	11.05.2026
42/26	Kommunestyret	21.05.2026

Plan for friluftslivets ferdselsårer

Samandrag:

Hareid og Ulstein kommunar har i fellesskap utarbeidd ein temaplan for friluftslivets ferdselsårer. Planen er ein ikkje-juridisk bindande temaplan utan direkte økonomiske bindingar, og er laga for å gi eit samla og oppdatert kunnskapsgrunnlag for forvaltning, utvikling og prioritering av stiar, løyper og andre ferdselsårer for friluftsliv i kommunane.

Planarbeidet har hatt brei medverknad frå m.a. innbyggjarar, frivillige lag og organisasjonar, skular og barnehagar, samt statlege og regionale styresmakter.

Planen gir kommunane eit heilskapleg verktøy for å leggje til rette for auka fysisk aktivitet, betre folkehelse, meir bruk av nærturar og ei berekraftig utvikling av friluftslivets ferdselsårer. Den klargjer overordna føringar, samanhengen med andre planar og peikar på prioriterte tiltak for vidare oppfølging.

Det er utarbeidd ein eigen tiltaksplan som viser moglege tiltak på kort og lang sikt. Tiltaka er ikkje økonomisk bindande, men kan over tid innarbeidast i handlingsprogrammet til kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, og slik få juridisk og/eller økonomisk forankring gjennom seinare politiske vedtak. Planen vil også vere eit viktig hjelpemiddel og kunnskapsgrunnlag i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar, og bidra til å strukturere friluftsarbeidet både i kommunane og i det gode frivillige arbeidet.

Kommunestyret 21.05.2026

Nye framlegg:

Folkehelsekoordinator Silje Kiperberg Aksnes orienterte om saka.

Kristine Utgård Rolfsrud (FOHA) tiltredde møtet underveis i saka. Det var 21 røystande til stade.

Røysting:

Formannskapet si instilling vedteken mot ei røyst Ståle Liavåg (INP)

KST - 42/26 Vedtak

Kommunestyret i Hareid vedtek Plan for friluftslivets ferdselsårer for Hareid og Ulstein kommunar slik den ligg føre, jf. vedlegg til saksutgreiinga.

Formannskapet 11.05.2026

Nye framlegg:

Samrøystes for tilrådinga frå Næring- og miljøutvalet.

FSK - 55/26 Vedtak

Formannskapet innstiller på at kommunestyret vedtek:

Kommunestyret i Hareid vedtek Plan for friluftslivets ferdselsårer for Hareid og Ulstein kommunar slik den ligg føre, jf. vedlegg til saksutgreiinga.

Næring- og miljøutvalet 05.05.2026

Nye framlegg:

Silje Kiperberg Aksnes, folkehelsekoordinator, svarte på spørsmål.

Samrøystes for kommunedirektøren si tilråding.

NMU - 06/26 Vedtak

Kommunestyret i Hareid vedtek Plan for friluftslivets ferdselsårer for Hareid og Ulstein kommunar slik den ligg føre, jf. vedlegg til saksutgreiinga.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret i Hareid vedtek Plan for friluftslivets ferdselsårer for Hareid og Ulstein kommunar slik den ligg føre, jf. vedlegg til saksutgreiinga.

Vedlegg:

Samandrag av høyringssvar offentleg ettersyn -med kommentar
Plan for friluftslivets ferdselsårer - PDF-versjon

Saksopplysningar:

Planforslaget er utarbeida i Microsoft Sway og kan lesast på denne lenka:

[Plan for friluftslivets ferdselsårer](#)

Plan for friluftslivets ferdselsårer er ei naturleg vidareføring av arbeidet Hareid og Ulstein kommunar gjennomførte med kartlegging og verdsetting av friluftsområde. Døme på friluftslivets ferdselsårer er turveggar, turstiar, turløyper, sykkelløyper og padleled. Regjeringa oppfordrar alle kommunar til å revidere eller utarbeide sti- og løypeplanar, og legge til rette for at stiar og løyper vert innarbeida i det offentlege kartgrunnlaget (DOK). Målet med planen er å identifisere, ivareta og utvikle friluftslivets ferdselsårer i Hareid og Ulstein kommunar.

Gjennom *plan for friluftslivets ferdselsårer* vil vi få eit betre kunnskapsgrunnlag og eit verktøy for å forvalte ferdselsårene på ein meir heilskapleg og berekraftig måte. Planen er delt inn i fem hovudkapittel:

1. Friluftslivet i Hareid og Ulstein
2. Inngrep i naturen
3. Bakgrunn og prosess
4. Overordna føringar og forholdet til andre planar
5. Tiltaksplan

Hareid og Ulstein kommunar skal auke kunnskapen om eksisterande og potensielle nye ferdselsårer, og utvikle nye og gamle ferdselsårer på ein berekraftig måte for å skape meir aktivitet. Planen er kopla mot Hareid og Ulstein sine satsingsområde og mot FN sine berekraftsmål.

Formålet med *plan for friluftslivets ferdselsårer* er at den skal bidra til:

- Auka fysisk aktivitet og betre helse i befolkninga
- Gjere kvardagsturen til eit omgrep i Hareid og Ulstein kommunar
- Auka miljøomsyn gjennom færre og kortare fritidsreiser med privatbil i kvardagen
- Sikre berekraftige og miljøvenlege ferdselsårer

Medverknad

I arbeidet med planen har medverknad vore viktig og blitt prioritert. Det vart gjennomført ein workshop i april 2023 på Sunnmøre folkehøgskule. Der deltok privatpersonar, trimgrupper, velforeiningar og grunneigarar. Det vart utvikla ein eigen nettportal med kartløyising der innbyggjarar kunne leggje inn innspel. Det vart sendt ut eige skriv til skular og barnehagar for å kartlegge kva nærtuområde desse nytta. Totalt kom det inn i overkant av 200 innspel i løpet av prosessen. Innspela vart gjennomgått og analysert og framlegg til plan vart utarbeidd.

Planen vart deretter handsama i formannskapa og lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker i juni 2025. I løpet av høyringsperioden kom det inn 15 innspel frå privatpersonar, frivillige lag og organisasjonar, politiske råd og statlege og regionale styresmakter.

Privatpersonane sine merknadar dreia seg i hovudsak om konkrete stiar i nærmiljøet, særleg ønske om fjerning eller justering av stiar som går gjennom tun eller nært inntil bustadar, behov for betre merking, klopping og framkomst over våte parti, samt ønskje om betre tilrettelegging som informasjonsskilt, parkeringsmoglegheiter og tilkomst. Nokre peikar òg på generelle forhold som vedlikehald, rydding i sentrum og gode nærturtilbod. Fleire av desse innspela er tekne til følge der trasear har blitt fjerna eller lagt til, og tiltak har blitt lagt til i planen. Andre innspel fell utanfor planens mandat, men er vidaresende til rette fagområde i kommunane.

Frivillige lag og organisasjonar har særleg peika på behov for oppdaterte og korrekte kart, manglande råser, universell utforming og nye forslag til naturstiar og tiltak. Nokre aktørar understrekar òg betydninga av god involvering av grunneigarar og rettshavarar i vidare arbeid med kart og tiltak. Desse innspela har bidrege til justeringar i kartgrunnlaget og til at fleire tiltak er lagt inn i tiltaksplanen.

Ikkje alle forslag til turstiar er tekne med i det førebelse turkartet som viser i planen, då vi ønskjer eit turkart som viser dei mest brukte turstiane. Men alle innspel vil bli teke med når kommunane oppdaterer FKB-kartdatasettet traktorveg/sti. Det offentlege kartgrunnlaget vil dermed verte oppdatert med dei stiar som vi gjennom dette arbeidet har fått innspel på, både fjerning av stiar som er i kartet men ikkje lenger finst i naturen, og innlegging av stiar som ein finn i naturen men som mangle i kartet.

Frå politiske råd og utval kom det innspel om universell utforming, trafikktryggleik, offentlege toalett og behovet for haldningsskapande arbeid knytt til sporlaus ferdsel. Desse innspela er i hovudsak følgde opp i planen gjennom justeringar og presiseringar av tiltak.

Statlege og regionale myndigheiter rosar kommunane for eit framtidsretta arbeid, og meiner planen gir eit godt grunnlag for folkehelse, friluftsliv, samordning og lokal utvikling. Det at Hareid og Ulstein samarbeidar om ein felles plan vert også trekt fram som svært positivt.

Statens vegvesen legg særleg vekt på trafikktryggleik ved startpunkt til turmål. Dei peikar på at avkøyrslar og parkering må vere godt organiserte og oversiktlege, slik at ferdsel til og frå turvegane skjer på ein trygg måte. Vidare understrekar dei behovet for god organisering når tiltak påverkar riks- eller fylkesveggar. Merknaden er teken til vitande

Møre og Romsdal fylkeskommune har gitt fleire faglege innspel som samla sett legg vekt på styrking av universell utforming, kulturmiljø, tettstadutvikling og overordna kvalitet i planlegginga. Dei peikar på at universell utforming må forståast breitt og inkludere både fysisk tilrettelegging, informasjon og tryggleik, og ønskjer at universelt utforma turar blir synleggjorde i kart og prioriterte i tiltaksplanen. Vidare rår fylkeskommunen til at planen får eit eige avsnitt om kulturminne og friluftsliv, og at kulturmiljøomsyn blir tydelegare integrert i planlegginga. Dei ønskjer også at planen blir knytt nærare til arbeidet med 300-metersbyen i Ulstein og meiner tiltaksplanen bør prioriterast i grove trekk. Fylkeskommunen påpeikar at statleg sikra friluftslivsområde manglar i planen og tilrår at desse vert tekne inn, og at det blir vurdert nye område for sikring. I tillegg rår dei til å innføre klassifisering av ferdselsårer etter grad av inngrep. Innspela er imøtekomne på ulike måtar. Nokre har blitt lagt til i sjølve planen slik som statleg sikra friluftsområde, medan andre innspel er lagt inn som tiltak, til dømes klassifisering av ferdselsområder.

Statsforvaltaren er positiv til at planen er tydeleg på at fysiske tiltak må avklarast etter plan- og bygningslova, og at statlege og regionale myndigheiter skal involverast når tiltak rører ved deira ansvarsområde. Dei støttar den overordna retninga og framhevar gode rutinar for myndigheitskontakt. Innspela er tekne til vitande. Planen vidarefører og tydeleggjer behovet for å involvere Statsforvaltaren ved tiltak som rører ved deira ansvarsområde.

Vurdering og konklusjon:

Plan for friluftslivets ferdselsårer er eit gjennomarbeidd og godt fagleg dokument som gir eit samla grunnlag for å ta vare på og vidareutvikle ferdselsårer i Hareid og Ulstein kommunar. Høyringsprosessen har styrkt planen og administrasjonen har tru på at den vil bidra til betre folkehelse, meir berekraftig bruk av natur, betre tilrettelegging for kvardagsturar og gode prosessar for framtidig planlegging.

Kommunedirektøren rår til at *Plan for friluftslivets ferdselsårer for Hareid og Ulstein kommunar* vert vedteken slik den her ligg føre i microsoft sway: [Plan for friluftslivets ferdselsårer](#) - med uttrekk på pdf-format lagt inn som vedlegg på saka.

Konsekvensar for folkehelsa: Målsettinga er å få fleire ut på tur, noko som vil vere positivt for folkehelsa.

Miljøkonsekvensar: Vurdering rundt grad av inngrep i naturen.

Økonomiske konsekvensar: Ingen.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen.

Konsekvensar for barn og unge: Eige kart for nærturar og nærområdet som er viktige for skular og barnehagar.

Likestillingsmessige sider ved saka: Vektlegging av universell utforming i planen

Bent Arild Grytten
kommunedirektør

Silje Kiperberg Aksnes
Folkehelsekoordinator